

Dato: Onsdag 27.05.2015

Stad: Rubbhallen i Rubbestadneset

Kl.: 18.00, registrering frå 17:00-17:50

Tittel/emne  
Saksdokument årsmøte 2015

Side 1 av 12

Før årsmøte startar vil Magne Heimvik, konsernsjef i SKL, halde ei orientering.

## SAKLISTE

SAK 1.	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.....	2
SAK 2.	GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ ÅRSMØTE 14.MAI 2014. ....	2
SAK 3.	VAL AV TO PERSONAR TIL Å SKRIVA UNDER MØTEBOKA OG VAL AV TO VALOBSERVATØRAR. ....	2
SAK 4.	GODKJENNA ÅRSMELDING FOR 2014. ....	2
SAK 5.	GODKJENNA RESULTATREKNESKAP OG BALANSE FOR 2014. ....	2
SAK 6.	GJERA VEDTAK OM DISPONERING AV OVERSKOT. ....	3
SAK 7.	FASTSETJA GODTGJERSLE TIL STYRET OG VALNEMND. ....	6
SAK 8.	ENDRING AV GODTGJERSLE TIL STYRET OG VALNEMND.....	7
SAK 9.	FASTSETJA GODTGJERSLE TIL REVISOR. ....	7
SAK 10.	VELJA STYRE OG STYRELEIAR. ....	8
SAK 11.	VELJA REVISOR .....	9
SAK 12.	VELJA VALNEMND ETTER FORSLAG FRÅ STYRET. ....	9
SAK 13.	RESTRUKTURERING AV SKL KONSERNET.....	10
SAK 14.	EMISJON I SKL.....	11

## **Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste.**

## **Sak 2. Godkjenning av møteboka frå årsmøte 14.mai 2014.**

### **Tilråding til vedtak:**

Møteboka for årsmøte 14. mai 2014 vert godkjend.

## **Sak 3. Val av to personar til å skriva under møteboka og val av to valobservatørar.**

## **Sak 4. Godkjenna årsmelding for 2014.**

### **Tilråding til vedtak:**

Framlagd årsmelding for 2014 vert godkjent som årsmelding for Finnås Kraftlag.

## **Sak 5. Godkjenna resultatrekneskap og balanse for 2014.**

### **Tilråding til vedtak:**

Rekneskapen vart gjennomgått, og i samsvar med revisjonen si tilråding godkjend.

## Sak 6. Gjera vedtak om disponering av overskot.

### Styret sitt framlegg til resultatdisponering/tilråding til vedtak:

Overskot for 2014 er kr. 23 573 494,-

#### Resultatdisponering

Foreslått utdelt ålmennyttige gåver	1 210 000
Overføring annan egenkapital	22 363 494
<b>Sum disponeringar</b>	<b>23 573 494</b>

Styret foreslår at fylgjande ålmennyttige gåver vert gitt:

#### Resultatdisponering

Gåvefond disponert av styret	1 000 000
Bømlo Bedehus	210 000
<b>Sum gåver</b>	<b>1 210 000</b>

### For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart , og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.

## **Følgjande premissar ligg til grunn for styret sine tilrådingar om ålmennyttige gåver :**

Finnås Kraftlag SA er eit allmennyttig samvirkelag med skiftande medlemstal og kapital. Det at Kraftlaget er eit allmennyttig selskap vil seie at det skal vera til gagn for allmenta.

I vedtektene § 2 står det at Kraftlaget kan yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområde.

I "Lov om samvirkeføretak" § 34 Gåver står det:

(1) Årsmøtet kan vedta å gi høvesgåver, og dessutan gåver til samvirkeformål eller allmennyttige formål som er rimelege utifrå formålet med gåva, stillinga til føretaket og omstenda elles. Retten til å gi gåver kan delegerast til styret eller eit anna organ.

(2) Styret kan til same formål gi gåver som har lite å seie i forhold til stillinga til føretaket.

Etter praksis sett på årsmøta, har øvste grensa for utdeling av midlar liggje på ca. 3 mill.kr. Det er naturleg at ein vurderer ut frå overskot i verksemda. Gåva/forskoteringa skal vera allmennyttig. For at gåver til utbyggings-/rehabiliteringsprosjekt skal handsamast av årsmøte,

bør utbyggingskostnaden på prosjektet vera minst kr.400.000. For spesielle prosjekt som styret vurderer som årsmøtesak, kan totalkostnaden med prosjektet vera lågare.

Med allmennyttig føremål meiner ein:

- Idretts- og kulturbygg/anlegg.
- Forsamlingshus/Lagshus

Årsmøte kan kvart år setja av inntil kr. 1.000.000 til fond for allmennyttige føremål (eldre, ungdom, m.v.), som styret disponerar.

Søknadane om gåver må gjerast på utarbeidd skjema. Skjema er bygd opp på same måte som søknad om tippemidlar. (sjå vedlegg)

## *Søknader 2015:*

### **1 Søknad om gåve til oppussing av Bømlo Bedehus.**

Bømlo Bedehus er eit viktig hus for bygda. Her er stor aktivitet. For at huset skal bli funksjonelt skal ein no byggja nytt kjøkken og utvida parkeringsplass. Kostnadsoverslag kr.3 mill.

Styret tilrår at årsmøtet støttar prosjektet med kr. 210.000

### **2 Søknad om gåve til oppgradering av kai, Framtid for Lykling..**

Framtid for Lykling søker om midlar til reoperasjon av kai. Totalkostnaden med prosjektet er kr. 232.320. Etter premissane for utdeling bør kostnadane vera minst kr. 400.000. Denne søknaden kan handsamast under gåveutdeling frå styret. Styret tilrår at årsmøtet ikkje støttar prosjektet.

### **3 Søknad om gåve til reoperasjon Bømlo Skulemuseum.**

Bømlo Skulemuseum er eit viktig hus for skulehistorien på Bømlo. Huset treng stadig vedlikehald. Det må skiftast bordkledning på tre sider.

Totalkostnad inkl. dugnad er kr. 110.000. Etter premissane for utdeling bør kostnadane vera minst kr.400.000. Denne søknaden kan handsamast under gåveutdeling frå styret. Styret tilrår at årsmøtet ikkje støttar prosjektet.

### **4 Søknad om gåve til Moster treningsstudio.**

Moster treningsstudio søker om midlar til utstyr.

Denne søknaden stettar ikkje krava til å få gåve frå årsmøte. Styret tilrår at årsmøtet ikkje støttar prosjektet.

## 5            **Søknad om gåve til opprusting av Speidarhuset, Sakseid.**

Bømlo Husflidslag leiger det gamle skulehuset på Sakseid. Dei driv på med eit opprustingsarbeid. Dette arbeidet vart kr. 36.452 dyrare enn dei hadde rekna med. Bømlo Husflidslag søkjer om ei gåve. Etter premissane for utdeling bør kostnadane vera minst kr.400.000. Denne søknaden kan handsamast under gåveutdeling frå styret. Styret tilrår at årsmøtet ikkje støttar prosjektet.

## **Sak 7.    Fastsetja godtgjersle til styret og valnemnd.**

Av rekneskapen for 2014 går det fram at godtgjersla til styret er Kr 329 224,- og godtgjersla til valnemnda er kr. 12 920 ,-

### **Tilråding til vedtak:**

Godtgjersla til styret og valnemnda vert godteken i samsvar med rekneskapen for 2014.

## Sak 8. Endring av godtgjersle til styret og valnemnd

### Framlegg til nye satsar for godtgjersle til styret og valnemnd:

Faste godtgjersler.

- Styreleiar kr. 80.000,-.(62.300,-)
- Nestformannen kr. 28.700,-.(26.700,-)
- Styremedlemene kr.19.000,-.(17.700,-)
- Møtegodtgjersle for styremedlemene ved styremøte kr. 1507,-.(1404)

I tillegg til møtegodtgjersle kjem eventuelt dokumentert tappt arbeidsforteneste.

Møtegodtgjersle andre møter og kurs for styremedlemene og valnemnd:

- Møter med fråvær over 4 t kr. 2700,-.(2423)
- Møter med fråvær under 4 t kr. 1440,-.(1292)

(grunnlag kr. 360 pr.t og 7,5 t)Ved dokumentert høgare dagsats for tappt arbeidsforteneste kan den nyttast.

Satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2015.

Satsane skal vurderast neste gong i 2017.

## Sak 9. Fastsetja godtgjersle til revisor.

Av rekneskapen for 2014 går det fram at er betalt kr.160.000,- for revisjon. I tillegg er det utbetalt kr. 121.908,- for tilleggstenester av revisjonsmessig art.

### Tilråding til vedtak:

Godtgjersle til revisor vart godteken i samsvar med rekneskap for 2014.

## Sak 10. Velja styre og styreleiar.

**Til årsmøte 27. mai 2015**

### **Innstilling frå valnemnda i Finnås Kraftlag**

Valnemnda har arbeid etter instruks for valnemnda i Finnås Kraftlag SA, vedteken av årsmøte 4. mai 2011.

Valnemnda har vore samansett slik:

Hilde Markhus  
Elin Vold  
Kjell Oldereide  
Vidar Nygård  
Sigbjørn Næsse (Leiar)

Valnemnda si innstilling er som fylgjer :

**Styremedlemmer ( 2 år ) :**

Anne Beth Njærheim  
Torleiv Fylkesnes  
Ove Grønås

**Styreleiar ( 1 år ) :**


Torleiv Fylkesnes

**Varamedlem ( 1 år ) :**

1. vara: Tone Stavland
2. vara: Karl Totland
3. vara: Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm

Kandidatane vil bli presentert på møte.

Urangsvåg 01/05-2015



Sigbjørn Næsse  
Leiar valnemnda



## Sak 11. Velja revisor

Finnås Kraftlag har brukt Deloitte som revisor.

### **Tilråding til vedtak:**

Deloitte vert vald til framleis å vera revisor.

## Sak 12. Velja valnemnd etter forslag frå styret.

Iflg vedtektene § 8.2, styret sine gjøremål, går det fram at styret skal fremja forslag på valnemnd til årsmøte.

Utdrag frå § 9, valnemnd:

*Kraftlaget skal ha ei valnemnd med fem medlemer.*

*Medlemene i valnemnda vert vald for to år om gongen, men slik at to og tre går ut annakvart år. Ved første val etter at dei reviderte vedtektene er endeleg vedtekne vert to av medlemene vald for eitt år. Årsmøtet vel leiar.*

*Kraftlaget skal ha ei valnemnd med fem medlemmer.*

*Følgjande personar har vore medlem av valnemnda i 2014/15:*

<b>Valnemnda</b>	<b>Status</b>	<b>Innstilling frå styret</b>
<i>Kjell Oldereid</i>	<i>Ikkje på val</i>	<i>---</i>
<i>Elin Vold</i>	<i>Ikkje på val</i>	<i>---</i>
<i>Hilde Markhus</i>	<i>Ikkje på val</i>	<i>---</i>
<i>Vidar Nygård</i>	<i>På val</i>	<i>Attval</i>
<i>Sigbjørn Næsse (leiar)</i>	<i>På val</i>	<i>Attval</i>
<b>Leiar:</b>		
<i>Sigbjørn Næsse</i>	<i>På val som leiar</i>	<i>Attval</i>

## Sak 13. Restrukturering av SKL Konsernet

SKL, BKK og HK( Haugaland kraft) har inngått ein intensjonsavtale om restrukturering av SKL og HK. Styret i SKL handsama saka på styremøte 10. februar. Etter styremøtet same dag vart eigarane i eigarmøte orientert om, og fekk gje sine umiddelbare tilbakemeldingar om planane.

Restruktureringa har som mål å gjennomføra ei reindyrking og spissing av aktivitetane til SKL og HK. Etter gjennomført prosjekt skal SKL bli eit produksjonsselskap, medan HK blir organisert som konsern med infrastrukturoppgåver. Difor blir restruktureringa eit tett samarbeid mellom SKL og HK, som krev sterk involvering av og tett samarbeid mellom selskapa. Arbeidet er organisert som eit felles prosjekt.

Prosjektet er krevjande av fleire grunnar.:

- Det inkluderer store transaksjonar mellom nærstående partar.
- Mange tilsette hos SKL skal få si framtidig tilsetning i HK, og ein del tilsette hos HK får SKL som arbeidsgjevar.
- Likebehandling av eigarar og trygghet hos alle involverte partar blir avgjerande suksessfaktorar.

Arbeidet er lagt opp med sterk eigendeltaking kombinert med ekstern medverknad, og med åpenhet og transparens for alle partar. I botn ligg eit sterkt ynskje om å realisera prosjektet, med tru på at med balanserte transaksjonar vil ny struktur vera framtidsretta. Nye selskap vil ha fokus på eigne oppgåver, sterke kompetansmiljø og evne til vekst og ny verdiskaping for eigarane.

Det er eit stort arbeid som skal gjerast med juridiske avklaringar, verdsetting og andre økonomiske forhold, arbeid med organisering og tilsette.

Det vart orientert om saka på generalforsamlinga i SKL 20. april. Det vert eit nytt eigarmøte 1.juni. Det er eit siktemål at då skal ein få framlagt eksterne verdirapportar og framforhandla verdiar. Med dette som grunnlag vil ein ta prosjektet vidare mot endeleg vedtak på ekstraordinær generalforsamling 10. september, og realisering/idriftsetting frå komande årsskifte.

Magne Heimvik frå SKL vil vera på årsmøte å orientera om prosessen. Styret i Finnås Kraftlag handsama saka på styremøte 29.april.

## **Tilråding til vedtak:**

Årsmøtet i Finnås Kraftlag støttar arbeide som vert gjort med restrukturering av SKL konsernet og vil gje styret fullmakt til å stemma for restrukturering av SKL konsernet etter framlagt plan. SKL vil etter restruktureringa bli eit reint produksjonsselskap.

## **Sak 14. Emisjon i SKL**

I samband med restruktureringa i SKL har selskapet analysert kapitalstatusjonen. Analysen viser eit behov for ein emisjon i intervallet 500-750 mill.kr. På styremøte 20.april gjorde SKL eit vedtak der dei fastsette emisjonsbeløpet til 750 mill. kr. Eigaraane er invitert til å vera med på emisjonen i forhold til dagens eigardel. Finnås Kraftlag eig 10% i SKL. Det betyr at Finnås Kraftlag kan gå inn med inntil 75 mill. kr.

### **Saka vart drøfta i styremøte 29.04.2015, og styret gjorde følgjande vurderingar:**

Ei slik investering vil vera i tråd med både gjeldande vedtekter og strategiplan.

I Vedtektene § 2 Føremål, punkt 4, står det at føremålet til selskapet er å; «produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg».

I gjeldande strategiplan er det vedteke at Finnås Kraftlag, om mogleg, skal investere ytterligare i kraftproduksjon gjennom sitt eigarskap i SKL. Etter omorganiseringa vil SKL bli ein reindyrka kraftprodusent. SKL vil overta kraftanlegga i Litledalen i Etne og Haugaland Kraft sin del av Ulla Førre. I tillegg til ein del småkraftverk.

Finnås Kraftlag har utarbeida langtidsbudsjett som viser at selskapet har økonomisk evne til å bli med på den planlagde emisjonen.

Me er no inne i ein periode med låge kraftprisar, og kraftprisane er venta å halde seg låge fram mot 2020. Etter dette er det forventa at kraftprisane vil stiga. Som eigar må ein sjå på dette som ei langsiktig investering. På kort sikt kan ein ikkje rekna med høg avkastning på denne investeringa.

SKL har vedteke ein stram framdriftsplan for gjennomføring av restruktureringa.

Den 01.juni er det kalla inn til eit eigarmøte i SKL, utan Haugaland Kraft til stades. På dette møtet skal verdsettinga og dei økonomiske konsekvensane av omorganiseringa vera klar. Sakspapira til dette møtet vert, etter plan, sendt ut 23.mai. På møtet 01.juni må eigarane gi tilbakemelding på om dei ynskjer å vera med på emisjonen. Endeleg vedtak om emisjon og restrukturering vert gjort på ekstraordinær generalforsamling i SKL 10. september.

Styret er positiv til planlagt emisjon og meiner at med dette er fornuftig i forhold til vedteken strategi og selskapet sitt føremål. Styret føler imidlertid at ein på det noverande tidspunkt har for lite informasjon til å gjera eit endeleg vedtak om å bli med på emisjonen. Saka vert difor teken opp for endelig avgjersle på styremøte den 26.mai, når verdsettinga er klar.

På grunn av stram framdriftsplan, finn styret det rett å tilrå at årsmøtet gir styret fullmakt til å teikne seg i emisjonen.

### **Tilråding til vedtak:**

*Årsmøte gir styret fullmakt til å teikne seg for inntil NOK 75 mill. i emisjonen i SKL. Dersom ikkje alle som er invitert med på emisjonen går inn med fullt beløp, får styret i Finnås Kraftlag fullmakt til å teikne seg i emisjonen for inntil NOK 100 mill. totalt.*